

## KOMMISJONSVEDTAK

2005/EØS/58/03

av 27. februar 2003

**om godkjenning av planane for utrydding av klassisk svinepest hjå viltlevande svin og for naudvaksinasjon mot klassisk svinepest hjå viltlevande svin i Luxembourg(\*)***[meldt under nummeret K(2003) 627]***(Berre den franske teksta er gyldig)**

(2003/136/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 2001/89/EF av 23. oktober 2001 om fellesskapstiltak for bekjempelse av klassisk svinepest<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 16 nr. 1, artikkel 20 nr. 2, artikkel 25 nr. 3 og artikkel 29 nr. 2, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I 2001 vart det påvist tilfelle av klassisk svinepest hjå viltlevande svin i Luxembourg.
- 2) Ved kommisjonsvedtak 2002/181/EF av 28. februar 2002 om godkjenning av den planen som Luxembourg har lagt fram for utrydding av klassisk svinepest hjå viltlevande svin i visse område i Luxembourg<sup>(2)</sup> vart det godkjent ein plan for utrydding av klassisk svinepest hjå viltlevande svin i Luxembourg.
- 3) I lys av den epidemiologiske situasjonen har Luxembourg lagt fram ein plan for naudvaksinasjon av viltlevande svin i Luxembourg.
- 4) Den framlagde planen er vorten granska og funnen å vere i samsvar med føresegnene i direktiv 2001/89/EF.
- 5) Styresmaktene i Luxembourg har gjeve løyve til at det kan leggjast ut lokkemat som inneheld ein svekka levande vaksine mot klassisk svinepest (C-stamme), til immunisering av viltlevande svin.
- 6) Styresmaktene i Luxembourg har plikta seg til i) å jamleg vurdere dei gjeldande tiltaka for å motkjempe klassisk svinepest i Luxembourg, i nært samarbeid med kontora til Kommisjonen og i lys av utviklinga av den epidemiologiske situasjonen, og ii) å betre innsamlinga av demografiske data om viltlevande svin og av dei epidemiologiske opplysningane som ligg til grunn for dei utryddings- og vaksinasjonsplanane som vert godkjende ved dette

vedtaket. Dersom det er naudsynt, skal styresmaktene i Luxembourg endre dei planane som vert godkjende ved dette vedtaket, og sende dei over til Kommisjonen for vidare godkjenning.

- 7) Det er påvist klassisk svinepest hjå viltlevande svin i Frankrike nær grensa til Luxembourg. Den utryddingsplanen som Frankrike har lagt fram, vart godkjend ved kommisjonsvedtak 2002/626/EF av 25. juli 2002 om godkjenning av den planen som Frankrike har lagt fram for utrydding av klassisk svinepest hjå viltlevande svin i Moselle og Meurthe-et-Moselle<sup>(3)</sup>.
- 8) Av omsyn til klarleiken bør det gjerast eitt vedtak i) som stadfestar godkjenninga av den planen som Luxembourg har lagt fram for utrydding av klassisk svinepest hjå viltlevande svin, ii) som godkjenner den nyleg framlagde planen for naudvaksinasjon av viltlevande svin, iii) som fastset vilkår for å sikre at det i dei aktuelle grenseområda vert samsvar mellom dei tiltaka som skal gjennomførast av Luxembourg, og dei tiltaka som Frankrike har sett i verk, og iv) som opphevar vedtak 2002/181/EF.
- 9) Av omsyn til klarleiken bør det i dette vedtaket gjevast opplysningar om dei geografiske områda der utryddings- og naudvaksinasjonsplanane skal gjennomførast.
- 10) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjedda og dyrehelsa —

GJORT DETTE VEDTAKET:

*Artikkel 1*

Den planen som Luxembourg har lagt fram for utrydding av klassisk svinepest hjå viltlevande svin i Luxembourg, er godkjend.

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 53, 28.2.2003, s. 52, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 137/2003 av 7. november 2003 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 7 av 12.2.2004, s. 1.

(<sup>1</sup>) TEF L 316 av 1.12.2001, s. 5.

(<sup>2</sup>) TEF L 61 av 2.3.2002, s. 54.

(<sup>3</sup>) TEF L 200 av 30.7.2002, s. 37.

*Artikkel 2*

Den planen som Luxembourg har lagt fram for naudvaksinasjon mot klassisk svinepest hjå viltlevande svin i Luxembourg, er godkjend.

*Artikkel 3*

Luxembourg skal setje i kraft dei lovene og forskriftene som er naudsynte for å gjennomføre dei planane som er nemnde i artikkel 1 og 2, i dei områda som er nemnde i vedlegget.

*Artikkel 4*

Luxembourg skal, i eit område langs grensa mellom Luxembourg og Frankrike som er minst 20 km breitt, vedta høvelege tiltak for å:

- a) i størst mogleg grad unngå å skape uro i populasjonen av viltlevande svin som kan føre til at dyra vil flytte seg over lengre strekningar ut av det aktuelle området, samstundes som det vert teke omsyn til naturlege og kunstige hinder, og
- b) redusere dyretettleiken i populasjonen av viltlevande svin.

Dei nemnde tiltaka skal vedtakast av Luxembourg i samordning og samarbeid med dei franske styresmaktene. Dei skal omfatte regulering av jakt, eller dersom det er naudsynt, forbod mot jakt.

*Artikkel 5*

Vedtak 2002/181/EF vert oppheva.

*Artikkel 6*

Dette vedtaket er retta til Storhertugdømmet Luxembourg og Republikken Frankrike.

Utfærda i Brussel, 27. februar 2003.

*For Kommissjonen*

David BYRNE

*Medlem av Kommissjonen*

---

*VEDLEGG*

Heile territoriet til Luxembourg.

---